



Møteprotokoll

Utval: Inkluderingsutvalet
Møtestad: Kommunesenteret møterom 3042
Dato: 25.08.2026
Tid: Kl. 13:00 - 14:30

Følgjande medlem møtte

Sylwia Katarzyna Gorka
Haldor Andre Lungård Hove
Mahmut Yücel
Torstein Tvinnereim

Parti

Ap
Sp
V

Forfall meldt frå følgjande medl.

Ann-Iren Ulvedal

Parti**Følgjande varamedlem møtte**

Guro Svanheim Losoa

Parti**Underskrifter:**

Torstein Tvinnereim

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
010/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
011/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
012/26	Referatsaker
013/26	Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 - Vedtak av plan
014/26	Plan for bruk av tilskot - Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge 2026

010/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Inkluderingsutvalet 25.08.2026:

Handsaming:

IU- 010/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

011/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Inkluderingsutvalet 25.08.2026:

Handsaming:

IU- 011/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

012/26: Referatsaker

Inkluderingsutvalet 25.08.2026:

Handsaming:

Leiar for flyktningtenesta Randi Rørvik Lillestøl deltok på møtet

Orientering:

-22 av 30 flyktningar er kome til Stryn i år. Veit ikkje no om eller evt. kven som kjem på dei 8 «ledige» plassane. Menn mellom 22 og 50 ikkje inn i år. Det ser vi resultat av no. Nytt introduksjonsprogram er kome godt i gong. Mykje godvilje på praksisplassar i næringslivet. Etter 3 månadar skal dei no ha minst 50% arbeidsretta. Alle har både rett og plikt til å vere i introduksjonsprogram. Eitt år for dei som har vgs frå før og har arbeidsplikt. God ordning med NAV i forhold til overgang frå intro til arbeidspraksis. Stor variasjon i forhold til kva praksisplassar som blir tilbydd. Har eigne folk som jobbar opp mot inkludering i fritidsaktivitetar. Jobbar med gode rutinar for oppfølging.

Innspel i møtet:

Mahmut: Framleis er transport vanskeleg i helgane. Er det mogleg å få til noko opp mot større arrangement? Kan kommunen avtale transport til dømes to dagar i året?

IU- 012/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

013/26: Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 - Vedtak av plan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Utval for helse og sosial 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 024/26 Vedtak:

Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Utval for oppvekst 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes tilrådd.

UOP- 018/26 Vedtak:

Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Utval for samfunnsutvikling 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 031/26 Vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.06.2026:

Handsaming:

Vurdering:

Det er positivt at Stryn kommune får ein plan som set fokus på den ressursen som ligg i frivillig arbeid. I ei tid med stadig fleire eldre med god helse opp i høg alder, er det viktig at også den gruppa kjem med i det frivillige arbeidet i større grad enn tidlegare. Det er mange ressurspersonar med lang fartstid frå frivillig arbeid i ulike organisasjonar. Dei har lang røynsle og kunnskap som dei som skal føre det friville arbeidet vidare kan dra nytte av. Eit samarbeid mellom unge og eldre kan vere positivt for begge partar, og for eldre er det spesielt viktig med aktivitet med tanke på ein betre kvardag. Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne ser det som viktig at begge desse gruppene får sin rettkomne plass i den delen av det frivillige arbeidet der dei framleis har mykje å tilføre.

Kommunen vert oppmoda til å vere meir proaktive til forpliktande samarbeid når det kjemt til lag og organisasjonar med eldre som målgruppe, og vil invitere samfunnskontakt til orientering og dialog til rådet og eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes tilrådd.

REF- 015/26 Vedtak:

Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Formannskapet 11.06.2026:**Handsaming:**

Framlegg frå Utval for helse og sosial, Utval for oppvekst og Utval for samfunnsutvikling samrøyses tilrådd

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne har gjeve innspel i saka.

FO- 080/26 Vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Kommunestyret 16.06.2026:**Handsaming:**

Oppmoding frå varaordførar Sonja Øvre-Flo om at fleire må melde seg som frivillegge, til dømes til å bli med for å drifte sykkeltilbodet (sykkelskyss) ved Stryn omsorgssenter.

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 051/26 Vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Inkluderingsutvalet 25.08.2026:**Handsaming:**

Saka vart teken til vitande sidan den allereie er slutthandsama i kommunestyret

IU- 013/26 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

014/26: Plan for bruk av tilskot - Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge 2026**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Plan for bruk av tilskot – Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge 2026» vert godkjend slik han ligg føre.

Inkluderingsutvalet 25.08.2026:

Handsaming:

Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge

Inkluderingsutvalet meiner det er gledeleg at administrasjonen har fått på plass desse midlane. Vi støtter dei faglege vurderingane administrasjonen har gjort i forhold til fordeling av midlane.

Inkluderingsutvalet oppfordrar til at ein får til god samhandling med frivillige for å få mest mogleg aktivitet og inkludering ut av midlane som blir brukt.

Kan kommunen legge til rette for eit tidspunkt der foreldre når tak i TIBIR tilsette også utanfor arbeidstid? (0900-1500) Inkluderingsutvalet har fått tilbakemelding frå foreldre at det er ynskjeleg.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøyses tilrådd.

IU- 014/26 Vedtak:

Plan for bruk av tilskot – Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge 2026» vert godkjend slik han ligg føre.